



Ulvik Cittaslow

Referat møte Cittaslowrådet 9.11.2021 kl 19 – 21.00

Møtestad: Heradshuset, heradsstyresalen

Desse møte:

Frå Ulvik herad: Mona H Hellesnes

Frå landbruk: Stein Olav Kolås

Frå kultur: Haugesenteret - Geir Netland (rådsleiar)

Frå politikk: Hanne Li og Jorid Løvtangen (vara for Ingrid Prestegard)

Frå frivillige lag og organisasjonar: Ulvik idrettsråd – Terje Strømmen (vara for Hulda Ruún Thorbjørnsen)

Frå næringslivet: Ulvik næringslag ved Eva Kristin Dahl (vara for Anders Oppheim)

Frå Slowfood Hardanger: Alis Lund Johansen (vara for Jorid Lekve Eide)

Forfall: Thore Hopperstad frå Ulvik herad, Anne Hjelmevoll frå Brakanes skule, Sonja Haugland frå Ulvik barnehage, Håkon Gjerde frå Hardanger produksjonsskule, og Ungdområdet.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 14. sept 2021:

Innkallinga og referat vart godkjent

2. Evaluering av Oktobertorg 1. – 3. oktober

Oktobertorget som det brukar å vere måtte diverre avlysast i år og. Lions sin loppemarknad, som er hovudtrekkplasteret for tilreisande, vart avlyst grunna smittevernreglane som framleis var gjeldande tett inntil arrangementsdato.

Det vart gjennomført eit alternativt program som «Tid å hausta inn» der alle tilboda som føregjekk denne helga vart samla i eitt program, men der dei vanlegvis går føre seg der ein vanlegvis held til.

I tillegg vart det opna for spontantorg ved gjestehamna, og då smittevernreglane vart oppheva deltok mange på dette torget.

Tilbakemeldingar frå deltakarane:

- Haugesenteret godt besøkt
- Spontantorg godt besøkt
- Bra sal på Handelslaget
- Konsert i Kongressen veldig låg oppslutnad

Det er eit viktig arrangement for bygda, og ei innarbeida helg for mange. Vi satsar på stort arrangement i 2022.

3. Adventhelg med jolegateopning og aktivitetar 26. – 28. november

Program for helga om lag som i fjor, men skulemusikken er med i år.

Det er og jolemesse i regi av bygdekvinnelaget laurdag kl 11 – 15 i fleirbrukshallen på skulen.

- Mona tar ansvar for å få ut plakatar, meir jolejos og pynt, og avklaringar med teknisk om joletre
- Ulvik næringslag har ansvar for pepperkakebygda, konfransier og ein til å ha helsing under jolegrantenninga
- Dersom veret tillet det, vil teltet til Cittaslow bli brukt fredag ettermiddag på Allmenningen. Viktig at Cittaslow er synleg.
- Hugs eplegløgg og det som elles kan løfte fram lokale produkt på slike arrangement

4. Poetiske stoppestader – ny diktløype langs fjorden

Haugesenteret har sett opp 9 Haugedikt langs fjorden, frå Omsorgstunet til Prestakaien. Skilta er laga av kunstnaren Hans Pulles. Dette er eit flott tiltak som viser fram Haugedikt og poesibygd på ein god måte som er tilgjengeleg for alle.

5. Sertifisering av verksemder

Det vart sendt ut informasjonsbrev og oppmoding om sertifisering til om lag 50 verksemder i starten av juni. Geir og Anders har følgd opp med direkte kontakt i haust, og fleire er no på veg til å søke om sertifisering.

Det har og vore diskusjonar kring misstydingar om krav, og særleg økologisk drift i landbruket. Rådet må jobba for å tydeliggjere for alle at det ikkje er eit krav om økologisk drift for å bli sertifisert. Dette gjeld mellom anna alle gardane på frukt- og siderruta.

Det kom forslag om å lage ein filmsnutt om kva Cittaslow er, som kan brukast i marknadsføringa. Her må det særleg ved vestlandslandbruket få plass. Mona og Geir følgjer opp.

6. Nytt frå heradet

Nærings- og reiselivssjef informerte om følgjande:

- Budsjett 2022 og økonomiplan for dei neste fire åra har tatt mesteparten av tida i heradet i det siste. Skal handsamast første gong i formannskapet 24. november. Endeleg budsjettvedtak i heradsstyret 15. desember.
- Heradet har fått ny profil og ny nettside, som er meir brukarvennleg og enklare å finne fram i.
- Det er fleire planar i oppstart. Ny kommuneplan er den mest omfattande, og det er lyst ut etter eigen prosjektleiar for den. Skal starta opp på nyåret. Dette er den viktigaste planen heradet har, og vil vere styrande for alle andre kommunale planar.
- Heradet har fått tildelt nye midlar til kompensasjonsordning for næringslivet, heile 1.955.000. Søknadsfrist er 22. november. Ordninga skal denne gongen prioritere reiseliv og reiselivsrelaterte verksemder.

7. Tiltaksplan 2022

Rådet gjekk igjennom det ein kjenner til av arrangement for 2022. Ukast til plan vert sendt ut saman med innkalling til første møte neste år, og skal endeleg vedtakast i det møtet.

8. Open post

Innspel i møtet:

- Ønskje om aktivitet i haust- og vinterferie. Kan vi bidra på noko? Vil vere positivt både for eigen ungdommar og gjester utanfrå. Lag aktivitetar som synleggjer lokale tradisjonar.
-

Mona og Geir lagar møteplan og sender innkalling i kalender so snart den er klar.

Referent:

Mona H Hellesnes
Sekretær Cittaslowrådet